



## MØTEBOK

### Fellesmøte Hardangerrådet og Rådmannsforum

Dato: Torsdag 14.11.2024 Klokka 0900 - 1430

Stad: Formannskapetssalen i Odda, Ullensvang kommune

#### Til stades:

Eidfjord kommune: Ordfører Timo Knoch- rådsordfører og rådmann Magnus Steigedal-leiar RF  
Kvam herad: Ordfører Torgeir Næss og rådmann Anita Hesthamar  
Ullensvang kommune: Varaordfører Inger Synnøve Vestrheim og rådmann Ole-Jørgen Jondahl  
Ulvik herad: Ordfører Jens Olav Holven og kommunedirektør Thore Hopperstad  
Forfall: Ordfører Roald Aga Haug  
Adm. Hardangerrådet: Trude L. Rinaldo

#### Gjester: (Presentasjonar er vedlegg)

- Hardanger og Voss Museum v/ Åsmund Kristiansen og Solfrid Borge
- Fortinnsminneforeningen v/ Randi Bårtvedt
- Nasjonalt frukt- og sidersenter v/ Anna G. Langesæter
- Siderklynga v/ Anna G. Langesæter og Olav Bleie
- Husbanken v/ Siri Erdal og Jorun Fotland

#### Saker til handsaming:

##### HR-sak 25/24 Meldingar

###### Vedtak:

Meldingane teke til vitande.

##### HR-sak 26/24 Museum på Bu og budsjett HVM frå rådmannsforum

###### Vedtak:

*Vedrørende budsjett til HVM ber Hardangerrådet styret i Hardanger og Voss museum koma med ei konkret tilråding til kommunane vedrørende økonomi som eigarkommunane skal ta stilling til. Vedrørende Bu museum, oppmodar Hardangerrådet eigarkommunane å kalla inn til eigarmøte.*

##### HR-sak 27/24 Felles saksutgreiing vedr. støtte til hovedprosjekt: " Regional reiselivsstrategi for Hardanger."

###### Vedtak:

Hardangerrådet oppmodar kvar av Hardangerkommunane og Kvinnherad kommune å innvilga midlar til hovudprosjekt "Reiselivsstrategi Hardanger" slik det går fram av saksutgreiing. Rådet vil få lagt fram fordelingsnøkkelen til Visit Hardangerfjord i neste møte.

##### HR sak 28/24 Uttale til Vestland fylkeskommune vedrørende nedlegging av kollektiv tilbod i Hardanger

###### Vedtak:

Hardangerrådet vedtek framlagd revidert uttale med eit tilleggsavsnitt om reduksjon i kollektiv rute Buss (særutskrift uttale sendt frå Ullensvang kommune) og sender den til mottakarane i Vestland fylkeskommune

## **HR-sak 29/24 Orienterings- og drøftingssaker**

- **Forvaltningsplan Hardangerfjorden**

Orientering om arbeidet så langt. Søknad skjønnsmidlar er sendt av Eidfjord kommune på vegne av alle kommunane i Hardanger og Voss.

Ved godkjenning må det lagast fordelingsnøkkel med Voss herad

- **Invitera Team Hardanger til Hardangerrådsmøte**

Hardangerrådet ønskjer å invitara Team Hardanger til eit rådsmøte med fellessaker på dagsorden. Hardangerrådet ønskjer referata frå TH tilsendt direkte.

- **Hardingtinget 2025**

Neste Hardingting er 13.02.25 og her er forslag til tema gjort av rådet:

- Næringslivstema - byggja på tema grøn næringsutvikling (VLFK sin plankonferanse 2024) og samarbeid i regionen (Hardingtinget 2024)

Møteboka godkjent 08.11.24

Timo Knoch  
Rådsordførar